



S Bridgeklubb

ÅRSMELDING 2013-2014

Styret har vore sammensett slik:

Leiar:

Anne Merete Heggland

Kasserar:

Linda Rasmussen

Styremedlemmer:

Leif Juvik, Olav Monstad, Reidar Dale

Revisor:

Kåre Kristiansen

Valkomite:

Bjørn Hauge og Frode Dyrstad

Kursansvarleg: Torhild Rasmussen

Styremøte

Tre styremøte er avvikla denne sesongen. Elles held styret kontakt via e-post/telefon.

Spelekeldar

Det er blitt avvikla 37 spelekeldar (to av dei i samarbeid med BAK), omlag like mange som forrige sesong. I tillegg arrangerte vi romjulsturnering 29. desember og tur til Herdla 11. - 12. januar.

Aktivitetsnivå

Oppmøtet på klubbkveldane har vore omlag likt denne sesongen samanlikna med forrige sesong. På dei 34 spelekeldane vi har hatt denne sesongen som er rapportert gjennom Ruter har det deltatt 329 par, noko som gjer eit snitt på 9,67 par/kveld. Tilsvarande tal forrige sesong var 321 par på 34 spelekeldar; eit snitt på 9,4 par.

Deltaking på turneringar utanom klubben er framleis god, noko som klart framgår av resultatoversikten på slutten av årsmeldinga.

Medlemmer

Klubben har idag 36 medlemmer, to meir enn ved forrige årsmøte.

Bridgemate/meldebokser/kortdublering

Klubben har 19 Bridgematar som fungerer. Ny Bridgemate server måtte anskaffast då den gamle ikkje lengre fungerte tilfredsstillande. Ny printer måtte også kjøpast då den gamle

"tok kveld". Kortdubleringsmaskin blei kjøpt inn for eit par sesongar sidan, og har fungert fint. Vi har meldeboksar til 12-15 bord, men ein del av dei begynner å bli slitt og bør etter kvart vurderast å fornyast.

Gruppe på Facebook

Årsmøtet 2013 vedtok å oppretta ei gruppe for Os BK på Facebook. Det blei gjort august 2013, og har pr. no ca 50 medlemmer. Det er ei open gruppe, så bridgeinteresserte frå heile landet kan melda seg inn i denne. Ei slik gruppe gjer moglegheiter å nå ut med informasjon til interesserte fortare og enklare enn kva som er mogleg med ei web-side. Å få seg makker på kort varsel er til dømes denne gruppa eit godt verktøy til.

Os Bridgeklubb

Skriv innlegg Legg til bilde/video Still spørsmål Legg til fil

Skriv noe ...

Leif Juvik
To spel får spelinga i går er lagt til i spel-arkivet. Gjeld å koma rett på dei store spela når ein speler IMP over feltet:
<http://www.osbk.no/Spelarkiv>

9
10 5
8
K 6 2
K 2
AK QJ T 6
Q 5
Makeable status
24/24
Makeable contracts
H S E W
C 6 6 7 7

KT8
N
W E
S
Q J T 8 5
A 8 5 4
9

Os Bridgeklubb – Spelarkiv / Os BK / Klubber / NBF Hordaland / Kretser / Vi samler briden til...
osbk.no
Content Management System

Liker · Kommenter · Del - for 5 timer siden · Redigert
Sett av 5

Skriv en kommentar ...

Om 42 medlemmer

Åpen gruppe
Os Bridgeklubb speler kvar måndag frå medio august til medio mai. Fast spelestad er Os Eldresent... Vis mer

42 medlemmer (3 nye) · Melding · Inviter via e-post

+ Legg til personer i gruppen

Hva handler denne gruppen om?
Angi tagger

Foreslalte medlemmer Skjul

- Norsk Bridgelitteratur Legg til
- Magne Eide Legg til
- Liv Kristiane Bugge Legg til
- Tore Bårdsen Legg til
- Christian Bakke Legg til

Vis alle forslag


Os Bridgeklubb har no ei gruppe på Facebook

Spelelokale

Alle klubbkveldane, med unntak av ein (på Studentsenteret mot BAK) er spelt i Eldresenteret. Utviding av salongen blei gjennomført vinter/vår 2014. Den er no ferdig, og gjer oss meir rom ved større arrangement (spesielt Nyttårsturneringa). Etter utvidinga må salongen leigast separat. På vanlege spelekeldar har vi valt å ikkje gjera det.

"Grasrotandelen"

Inntektene frå Grasrotandelen auka monaleg i 2013 samanlikna med 2012. Heile 33.436 kroner kom inn i 2013, mot 16.726 året før. Tusen takk til alle gjevarane våre. Ynskjer du å gje din Grasrotandel til klubben kan du bruka skjema sist i årsberetningen.



Grøn strek viser antall spelarar, blå viser generert beløp.
(Grafikk Norsk Tipping)

Osmessa

Osmessa gjekk helga 21. - 22. september, og som vanleg dei siste åra stilte klubben med stand. Brosjyre materiell om bridge og Os BK blei delt ut til interesserte, og alle dei 200 kortstokkane vi hadde med forsvann i løpet av helga.

Lynkurset vi hadde planlagt måtte dessverre avlysast, då interessa for kurset ikkje var til stades. Eit biletet under frå årets messe.



Frå Osmessa 2013. Tor Anders Hauge og Linda Rasmussen.
(Foto: Torhild Rasmussen)

Kursvirksomhet

Det blei forsøkt å arrangera lynkurs i samband med Osmessa, men liten interesse gjorde at det blei avlyst. Nytt forsøk blei gjort på vårparten i samband med at ny ungdomsklubb blei starta på Nore Neset. Vi håper å få til noko her komande haust.

Organisasjonsdagane 2014

NBFs organisasjonsdagar blei arrangert på Gardermoen helga 5. - 6. april 2014. Frå Os deltok Anne Merete Hegglund og Leif Juvik. Hovudtema på organisasjonsdagane i år var rekruttering, trivsel i klubben, rekneskapsprogrammet Ruter, og sjølvsagt nester års store høgdepunkt på bridgefronten - Ope EM i Tromsø.



Frå gruppearbeidet laurdagen

Tur til Herdla

Som forrige sesong arrangerte klubben tur til Herdla i midten av januar. Årets tur gjekk helga 11. - 12. januar, med 14 deltakarar. Det blei eit på alle måtar hyggeleg opphold, med god stemning, mykje god bridge, og ikkje minst svært god mat.

Vi spelte tre turneringar. Laurdag starta vi med lagturnering over 48 spel. Den gjekk fram til middag, og etter middag spelte vi single-turnering over 24 spel. Søndagen avslutta vi turen med parturnering.

Resultat frå Herdla.

Lag; Vunne av Torhild Rasmussen, Anne Merete Heggland, Leif Juvik, Gerd Nøttveit, Elisabeth Over og Wenche Nyborg.

Single; Vinnar Elisabeth Over, nummer 2 Leif Juvik, og delt tredjeplass mellom Inger Marie Johansen og Torhild Rasmussen.

Par; Vinnar Inger Marie Johansen - Vilhelm Berge. Nummer 2 Aase og Ivar Tønnesen og tredjeplass til Elisabeth Over - Wenche Nyborg.

Vi satsar på ny tur neste år. Vel møtt då. Bilete frå Herdla-turen under.



Frå lagturneringa. Ved bordet nærast sit Linda Rasmussen (med ryggen til), Ivar Tønnesen, Kate Fauskanger, og Aase Tønnessen

Europameisterskapet for ungdom, Polen 11. - 20. juli 2013

Europameisterskapet for ungdom (lag) blei spelt i Wrocław i Polen 11. - 20 juli 2013. Noreg deltok denne gongen i alle tre klassane, og Thea Hauge spelte på det norske jentelaget. Det deltok 9 lag i denne klassen, og alle møtte alle to gonger (dobbel serie). Frankrike, Nederland, Italia og Polen drog etter kvart frå resten av feltet, så det blei kampen og 5. plassen (som var siste VM-billett sommaren 2014) som var viktig for Noreg. Dessverre butta det litt mot på slutten, så det blei 6. plass til slutt, men pga avbod frå andre

nasjonar blir det likevel VM-plass. Junior-VM går frå 13. - 23. august 2014 i Istanbul, Tyrkia.



Det norske jentelaget som tok 6. plass i Polen sommaren 2013.

Simultanturneringar

NBF sine simultanturneringar har etter kvart fått god oppslutning blant klubbane i landet. Os BK har deltatt på alle som har gått måndagar, totalt 8 turneringar (inkl. simultanveka). Beste resultata av osingar denne sesongen fekk vi 23. september då Frode Dyrstad og Kåre Solibakke blei nummer 4 av 158 par, og 21. oktober då Anne Merete Heggland og Torhild Rasmussen blei nummer 5 av 122 par.

MP-treff 2013

MP-treffen blei som vanleg spelt første veka i desember. Totalt 255 par deltok på "vår" kveld; måndag 2. desember. Ingen topp-plasseringar av Os-spelarar denne gongen; Bjørn Hauge - Frode Dyrstad best med 28. plass. 66. Leif Juvik - Kåre Solibakke. 75. Kåre Kristiansen - Unni Skreslett.

Klubbmesterskap par

Klubbmesterskapet for par blei spelt over tre måndagskveldar i oktober/november. Ein sterk sistekveld frå Joleiv Midtveit og Jørn Rekkum sikra dei sigeren og årets klubbmeister-tittel. Reidar Dale og Carl-Otto Curran tok andrelassen, og tredje gjekk til Leif Juvik Olav Monstad.

		28.okt	04.nov	11.nov	Totalt
1	Jørn Rekkum - Joleiv Midttveit	54,2	68,4	63,2	185,8
2	Reidar Tore Dale - Carl-Otto Curran	69,6	57,1	51,6	178,3
3	Leif Juvik - Olav Monstad	61,9	53,7	52,9	168,5
4	Tor Anders Hauge - Thea Hove Hauge	60,9	39,5	54,4	154,8
5	Kåre Solibakke - Frode Dyrstad	40	64,9	48,3	153,2
6	Bjørn Hauge - Dag Christensen	57,8	39,5	48,3	145,6
7	Elisabeth Østrem Over - Wenche Torgersen Nyborg	42,9	40	59,4	142,3
8	Torhild Rasmussen - Anne Merete S. Heggland	46,4	46	40	132,4
9	Kåre Kristiansen - Unni Skreslett	41,7	49,4	41,1	132,2
10	Linda Rasmussen - Gerd Nøttveit	51,2	40	36,1	127,3
11	Åse Bauge - Gunnar Holm	32,7	43	46,1	121,8
12	Marit Havelin - Birgit N. Holsen	30,7	36,2	40	106,9

Resultat klubbmeisterskapet par.



Årets klubbmeistrar; frå premieutdelinga siste spelekveld før jul.
(Foto: Tor Anders Hauge)

Os BK Nyttårsturnering

Den etter kvart tradisjonsrike nyttårsturneringa vår blei spelt søndag 29. desember. Interessa for turneringa har aldri vore større, og vi måtte stenga for påmeldingar ca ei veke før turneringa blei spelt. Då var det 36 par på lista, og meir kan vi ikkje ta så lenge vi bruker Eldresenteret som spelelokale.

Turneringa blei som vanleg leia av Leif Gunnar Kleppevik.

Turneringa blei spanande, med vekslande par i leiing. Men utover ettermiddagen kom Inge og Atle Kvarven frå Rubbestadneset BK skikkeleg i siget, og vann turneringa med god margin. Nummer to blei Tor og Christian Bakke frå Bergen Akademiske BK, og tredjepllassen gjekk til Oddmund Midtbø - Mathias Beyer, Askøy BK/Bergen Akademiske BK.

Bilete frå Nyttårsturneringa



Frå salen. Midt i biletet: Turnersleiar Leif Gunnar Kleppevik.



Vinnarane denne gongen blei Atle og Inge Kvarven frå Rubbestadneset BK.
(Foto Leif Juvik, montasje Snorre Aalberg)

Bergen Storturnering ((17) 18.-19. januar

Bergen Storturnering blei som vanleg spelt på Clarion Hotell Bergen airport, denne gongen helga 18. - 19. januar. Turneringa opplevde noko sviktande deltaking i mesterpuljen denne gongen (planlagt for 52 par men kun 38 par stilte til start), medan a-pulja framleis har god deltaking. I år deltok 54 par i denne, fleire av dei frå Os. To par frå Os oppnådde premie i år - Bjørn Hauge og Joleiv Midttveit med ein finfin fjerdeplass og Kåre Kristiansen - Leif Juvik på 13.plass.



Joleiv Midttveit og Bjørn Hauge med 4. plass frå årets Storturnering. Her frå premieutdelinga. (Foto: Kine Tveten, BAK)

KM par

KM par, som òg er kvalifisering til NM par, blei spelt på Marikollen skole laurdag 15. mars. Frå Os deltok Bjørn Hauge - Joleiv Midttveit, og Thea Hauge som spelte saman med Sven-Olai Høyland frå BAK. Med nytt opplegg for NM par blir det vanskeleg å kvalifisera seg til finalen. Kun ein plass var det å spela om denne gongen, og ingen av våre nådde opp. Plasseringane for våre; Bjørn og Joleiv nr. 10, Thea og Sven-Olai nr. 11.

NM klubbar

Os hadde med eit lag i årets NM for klubbar (NM lag). Turneringa blei som vanleg spelt i perioden oktober - mai, som cup, med 8 lag i finalen. Laget frå Os klarte seg riktig godt denne gongen, og sa ikkje takk for seg før i 4. runde. Då var det stopp mot eit velspelande

lag frå Rubbestadneset BK. Os-laget denne gongen bestod av Thea Hauge, Bjørn Hauge, Tor Anders Hauge, Joleiv Midttveit, Kåre Kristiansen og Leif Juvik.

Seriemesterskapet 2013/2014

Seriemeisterskapet blei som vanleg spelt over to helgar, ei på hausten og ei på seinvinteren. Os hadde eit lag med denne gongen, og etter opprykk forrige sesong var det spanande å sjå om laget kunne behalda plassen i tredjedivisjon. Etter ein nervepirrande innspurt, enda det med ca eit VP for lite, og dermed nedrykk for laget. På laget spelte Bjørn Hauge, Thea Hauge, Kåre Kristiansen og Leif Juvik.

Pokalkamp mot Bergen Akademiske BK

Pokalkampem mot Bergen Akademiske BK blei spelt måndagane 31. mars og 7. april. Første kvelden spelte vi på Os, andre på Studentsenteret. BAK vann begge kveldane, og dermed årets Pokalkamp. Beste par samanlagt blei Sven-Olai Høyland - Hilde Larsen, BAK.

Servering

Kiosken har vore i drift heile sesongen med servering av vaflar, kaffi, brus ect. Vi takkar alle jentene for godt utført arbeid.

Økonomi

Rekneskapet viser eit overskot på kr. 21.742.- Dette er ca 19.000 betre enn 2012/2013-sesongen.

Speleavgift

Vi har hatt kr. 50.- (25.-) i speleavgift denne sesongen, med 10 (5) kroner ekstra dei kveldane vi har spelt simultan. Dette er same speleavgifter som forrige sesong.

Resultatoversikt

Ruter7 Open, 1. - 2. juni 2013 , Kristiansand, laurdagsturneringa (92 par)

17. Peder Andreas Scheie - Frode Dyrstad, Bk Norrøna/Os BK

Ruter7 Open, 1. - 2. juni 2013 , Kristiansand, søndagsturneringa, open klasse (46 par)

9. Elisabeth Østrem Over - Åse Bauge

13. Finn Leinang - Randi Nyheim, Nesodden BK/Os BK

20. Frode Dyrstad - Terje Skjelbreid, Os BK/Rekrutteringsklubben Ruter 7

Ope Europameisterskap, Ostende Belgia, 15. - 29. juni 2013

MIX-lag (94 lag)

60. Fjords of Norway, Tore Bårdsen, Geir Engebretsen, Tove Haugen, Randi Nyheim

Europameisterskapet for ungdomslag, Wroclaw Polen, 11. - 20. juli 2013

Jenter opptil 25 år. (9 lag)

6. Noreg - Stine Frøyse, Thea Hove Hauge, Marte Haugen Klingen, Sofie Grasholt Sjødal

Juniorleiren, Fredrikstad 29. juli - 2. august

Single-turnering: 4. Thea Hauge (24 spelarar)

Hovudturnering: 5. Marte Klingen Haugen - Thea Hove Hauge, Orkdal/Os, (12 par)

Lynbridge: 2. Thea Hove Hauge - Sebastian Geissler, Os/Rauland, (12 par)

Hinderbridge: 3. Thea Hove Hauge - Amelia Eken, Os/Bergen Akademiske BK, (12 par)

Bridgefestivalen, Fredrikstad 2. - 10. august 2013

NM-Mix par (214 par)

11. Randi Nyheim - John Helge Herland, Os BK/Nærbø BK

NM junior (16 par)

9. Marte Haugen Klingen - Thea Hove Hauge, Orkdal BK/Os BK

NM Mix lag (72 lag)

10. Jatakk; Ann-Elin Danielsen, Arild Jakobsen, Randi Nyheim, John Helge Herland (72 lag)

Kveldsturnering mandag 5. august (40 par)

17. Thea Hauge - Bjørn Hauge

Sideturnering tysdag 6. august (54 par)

27. Thea og Bjørn Hauge

Kveldsturnering tysdag 6. august (27 par)

1. Tor Anders Hauge - Joleiv Midttveit

18. Bjørn Hauge - Ole Årland, Os/Austevoll

NM Damer (44 par)

11. Randi Nyheim - Verina Dahl, Os/Nøtterøy

Patton (50 lag)

32. Osingane; Joleiv Midttveit, Tor Anders Hauge, Thea Hove Hauge, Bjørn Hauge

Kveldsturnering onsdag 7. august (28 par)

14. Joleiv Midttveit - Tor Anders Hauge

IMP across (89 par)

47. Thea Hove Hauge - Bjørn Hauge
52. Joleiv Midttveit - Tor Anders Hauge

Kveldsturnering torsdag 8. august (28 par)

2. Tor Anders Hauge - Joleiv Midttveit
5. Verina Dahl - Randi Nyheim, Nøtterøy/Os

Monrad lag (67 lag)

42. Mixen; Willoch - Jonsen - Nyheim - Dahl - Follestad

Nyttårscup Jessheim 4. - 5. januar 2014 (33 lag)

30. Juniorjenter; Charlotte Mikkelsen, Marte Haugen Klingen, Thea Hove Hauge, Thea Indrebø, Stine Frøyse

Bergen Storturnering (17) 18. - 19. januar 2014

A-gruppe (54 par)

4. Joleiv Midttveit - Bjørn Hauge
13. Leif Juvik - Kåre Kristiansen
42. Tor Anders Hauge - Frode Dyrstad
45. Thea Hove Hauge - Marte Haugen Klingen, Os/Orkdal

Seriemeisterskapet 2013/2014

3. divisjon avd. G

8. Hordaland 9; Bjørn Hauge, Thea Hauge, Kåre Kristiansen, Leif Juvik.

NM for damelag 8. - 9. mars 2014, Rica Hell Hotell Trondheim (30 lag)

29. Firkloveren ; Marte Haugen Klingen, Thea Hove Hauge, Rosalin Barendregt, Katarina Ekren.

KM par, kvalifisering NM par, 15. mars 2014 Marikollen skole (14 par)

10. Bjørn Hauge - Joleiv Midttveit
11. Thea Hove Hauge - Sven-Olai Høyland, Os BK/Bergen Akademiske BK

NBFs organisasjonsdagar, 5. - 6. april. april 2014, Gardermoen, NM lynbridge (20 par)

11. Anne Merete Heggland - Leif Juvik

Påskecup Berkåk BK, 16. april 2014, Berkåk Samfunnshus (35 par)

22. Marte Haugen Klingen - Thea Hove Hauge, Orkdal BK/Os BK

Nordisk meisterskap junior par, 19. - 20. april 2014, Örebro, Sverige (39 par)

31. Marte Haugen Klingen - Thea Hove Hauge (6. plass blant jentene som er eigen klasse i Nordisk)

Bridge i Havgapet, torsdag 1. mai, Austevoll (37 par)

3. Roger Træet - Stig Gamlemshaug, Stord BK/Os BK

13. Joleiv Midttveit - Tor Anders Hauge

14. Leif Juvik - Frode Dyrstad

25. Thea Hove Hauge - Katarina Eken, Os BK/Bergen Akademiske BK

TrondheimCup Par, 3. mai, Bridgehuset Trondheim (49 par)

39. Thea Hauge - Marte Haugen Klingen, Os/Orkdal

TrondheimCup Lag, 4. mai, Bridgehuset Trondheim (19 lag)

10. Råtassene; Thea Hauge - Marte Haugen Klingen, Lars Arthur Johansen, Håkon Bogen, Os BK/Orkdal BK/Rognan BK/Mo BK

Rekneskap Os Bridgeklubb

	2013/2014	2012/2013
Inntekter:		
Årskontingent	8 000	8 700
Kveldskontingent	51 505	51 410
Grasrotandel og loddsal	35 167	19 267
Sal av kaffi etc	23 860	21 337
Diverse (kursavgifter og anna)	83	2 500
Sum driftsinntekter	118 615	103 213
Utgifter		
Lønn (kantine + turneringsleiar)	13 500	13 900
Leige av lokaler	31 300	31 700
Kontorrekvisita	40	40
Loddbøker og gevinstar	10 989	9 234
Porto	0	170
Blomster etc	2 010	3 227
Diverse omkostningar nbf	10 100	9 834
Kontingent NBF	10 150	8 750
Annonse - Reklame	1 535	2 032
Varekjøp til kiosk med mer	7 880	12 054
Gebyr	84	99
Andre kostnader	9 334	9 975
Sum driftskostnader	96 921	101 015
Renteinntekter	49	81
Resultat	21 742	2 279
Balanse		
Bankinnskudd pr 30.04 på brukskonto	45 352	23 633
Bankinnskudd pr 30.04 på sparekonto	4 704	4 656
Sum Bankinnskudd	50 056	28 289



OS BRIDGEKLUBB

Organisasjonsnummer: 995591359



32774995591359

Vil du gi din støtte til OS BRIDGEKLUBB?

Grasrotandelen gir deg som spiller mulighet til å bestemme hvem som skal motta noe av overskuddet til Norsk Tipping. Hver gang du spiller kan du velge å støtte det laget eller foreningen du mener fortjener det mest! Vi oppfordrer deg til å støtte oss i OS BRIDGEKLUBB!

For å være en grasrotgiver må du være kunde hos Norsk Tipping.

Ved spill hos Norsk Tipping vil inntil 5 % av spillinnsatsen gå direkte til din grasrotmottaker, og best av alt, hverken innsats, premie eller vinnersjanser reduseres!*

Grasrotandelen gjelder for alle Norsk Tippings spill, bortsett fra Flax, Extra og Belago.

Gjennom å være grasrotgiver er du med på å oppfylle små og store drømmer over hele landet.

Du kan bli grasrotgiver på en av følgende måter:

1. Hos Kommisjonær
2. Mobilspill
3. Grasrotandelen.no
4. SMS, send Grasrotandelen 995591359 til 2020.

For mer informasjon se www.norsk-tipping.no/grasrotandelen

*For Multix gjelder annen beregning.